



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato  
07.11.2016

Vår referanse  
2016/5017 620

Til kommunar og interkommunale tiltak som har fått statleg tilskot til stillingar i det kommunale barnevernet

### 56 millionar kroner til styrking av barnevernet

Fylkesmannen i Hordaland har i år betalt ut tilskot til å finansiere rundt rekna 97 stillingar i det kommunale barnevernet i fylket. Tilskotet omfattar vidareføring av dei stillingane som vart oppretta med statleg tilskot i perioden 2011–2015, pluss tilskot til oppretting av 1,95 nye årsverk i 2016.

Det er Fylkesmannen som tildeler tilskotet, med pengar som er overført frå Barne- og likestillingsdepartementet. Føremålet med tilskotsordninga er å styrka barnevernet med faste stillingar. Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter.

I alt 25 kommunale og interkommunale barneverntenester, samt tre ordningar med barnevernvakt, har fått utbetalt til saman 56,2 millionar kroner. I tillegg kjem 5,7 millionar kroner som er overført frå 2015, slik at tiltaka i alt har 61,9 millionar kroner til rådvelde i 2016.

Dei om lag 97 stillingane fordeler seg slik:

Bergen	32,3	Sveio	1,0
Stord/Sunnhordland	7,0	Lindås	1,0
Askøy	6,0	Vaksdal	0,8
Os	5,475	Samnanger	0,75
Fjell	5,0	Gulen/Masfjorden	0,5
Odda/Hardanger	3,975	Austrheim	0,5
Voss	3,5	Vindafjord/Etne	0,5
Kvinnherad	3,0	Øygarden	0,5
Osterøy	2,6	Granvin	0,4
Meland	2,0		
Tysnes	1,5	Bergen barnevernvakt	1,5
Fusa	1,6	Fjell barnevernvakt *)	1,0
Sund	1,5	Askøy barnevernvakt	0,5
Austevoll	1,5		
Kvam	1,0	<b>Sum</b>	<b>96,95</b>
Radøy	1,0		

\*) Samarbeidstiltak mellom Fjell, Sund og Øygarden

## **Ordninga held fram til neste år**

Med atterhald for Stortinget sitt budsjettvedtak, så held tilskotsordninga fram i 2017. I framlegget til statsbudsjett for 2017 står det under kapittel 854 post 60 «Kommunalt barnevern» mellom anna:

- Departementet føreslår ei løyving på 693,9 mill. kroner i 2017.
- Løyvinga skal dekkje særskilde tilskot til kommunane for å styrkje det kommunale barnevernet.
- Løyvinga går til stillingar som blei oppretta i perioden 2011–2016.

## **Rapportering**

Ikkje alle kommunane rapporterte til Fylkesmannen innan fristen i år. Vi minner difor om at kommunane skal sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotsmidlane for 2016 til Fylkesmannen innan 31. mars 2017. Kopi av tildelingsbrevet skal leggst fram for revisor saman med rekneskapet. For tilskot på mindre enn 100 000 kroner er det til vanleg ikkje krav om revisorattest.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å kontrollere at tilskotet vert brukt i tråd med føresetnadene. Rekneskapet må difor setjast opp på ein slik måte at utgiftene til dei aktuelle stillingane kjem fram, og slik at bruken av tilskotsmidlane kan haldast saman med vilkåra for tilskotsordninga. Det er ein føresetnad for tilskotet at kommunane ikkje reduserer stillingane i det kommunale barnevernet, men held fram den styrkinga som dei statleg finansierte stillingane representerer. Fylkesmannen og Riksrevisjonen har rett til å kontrollere at løyvinga vert nytta etter føresetnadene, sjå statens løyvingsreglement § 10 andre ledd.

Tilskotet skal nyttast til løn og lønsrelaterte utgifter, som inkluderer arbeidsgjevaravgift samt pensjonsdel, feriepengar og eventuelle andre sosiale utgifter. Tilskotet dekkjer ikkje overhead/administrasjonsutgifter, telefonutgifter, kontorutgifter, reiseutgifter eller godtgjering for bruk av eigen bil.

Vi ber om at referansenummeret vårt, 2016/5017, vert påført korrespondanse som gjeld tilskotet for 2016.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonsleiar

Tor Gunnar Turøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.*

Vedlegg: Detaljert oversikt over årets tilskot

Kopi til Barne- og likestillingsdepartementet, [postmottak@bld.dep.no](mailto:postmottak@bld.dep.no)